**IL Veten og Sogn og Fjordane Orienteringskrins inviterer til:**

## O-Samling for Barn og Ungdom på Nordfjord Fritidssenter

Aldersgrupper: Samlinga er for barn og ungdomar frå 8 til 18 år. Det blir delt inn i 2 grupper etter alder og erfaring. Vi ynskjer gjerne at vaksne er med dei yngste deltakarane.

| | |
|---|---|
| Frammøtetidspunkt: | Laurdag 27. april kl 16.00 (eller når KM mellom er ferdig) |
| Frammøtestad: | Nordfjord Fritidssenter |
| Leiarar/instruktørar: | Ivar Bergset, Elias Bergset, Sven Bergset Langvik |
| Overnatting: | På Nordfjord Fritidssenter, der det er seng til alle. Du må ha med sengetøy eller sovepose. |
| Pris: | O-gruppene blir fakturert for kr 350,- pr deltakar for overnatting og mat. Dette gjeld også for dei vaksne/medhjelparane. Deltakarane dekkjer reise til/frå samlinga sjølve. |

**Program - Laurdag 27. april**

| | |
|---|---|
| Kl 12.00 | **KM Mellom** i Stryn. **NB! Hugs å melde deg på løpet via laget ditt.** |
| Kl 16.00 (ca) | Oppmøte/informasjon/Innkvartering. Inndeling i grupper. |
| Kl 17.00 | O-teknisk trening/Aktivitetar ved Elias og Sven) |
| Kl 19.00 og utover | • Oppsummering av treningsøkta (v/instruktørane)<br>• Pizza til kvelds<br>• Sosialt samvære. Ha gjerne med kortspel eller brettspel. |

**Sundag 28. april**

| | |
|---|---|
| Kl 08.00 | Frukost, smørjing av matpakke |
| Kl 09.30 | Pakking og rydding. |
| Kl 10.00 | Aktivitetsøkt i 2 grupper (Ved Elias og Sven) |
| Kl 12.30 | Avreise til Krinsløp i Stryn (avslutning av samlinga) |
| Kl 14.00 | **KM Sprint i Stryn**<br><br>Heimreise etter orienteringsløpet i Stryn. |

**Hugs å ta med**:
Treningskle og konkurransekle, EMIT-brikke, kompass, regnkle og støvlar (tilpassa vêret), kortstokk eller andre spel, badetøy, handkle og toalettsaker. Hugs også sengetøy eller sovepose.

Har du ikkje EMIT-brikke eller kompass, så gi melding ved påmeldinga, slik at vi kan låne deg ei brikke.

**Kjem du med Buss? Gje beskjed så ordnar vi henting i Stryn.**

**NB! Påmelding til orienteringsløpa gjer du gjennom o-gruppa di i god tid før samlinga.**

Påmelding til samlinga: **Seinast måndag 22. april kl 20.00** på Eventor.

Vel møtt til samling!

Med helsing

Sogn og Fjordane Orienteringskrins

Johan Magerøy
Mobil 91 81 95 45

Il Veten

Ivar Bergset
40401709